

# KVALITETSSTANDARD FOR HELSE - OG OMSORGSTENESTER I GOL KOMMUNE



**Vedteke i Gol kommunestyre  
Gjeld frå 1.1.2015**

## Innhald

1	Kvalitetsstandard for helse – og omsorgstenesta i Gol kommune	6
1.1.	Søknad	7
1.2	Grunnleggjande prinsipp	7
1.3	Målsetting	7
1.4	Tenester Gol kommune tilbyr	7
1.5	Samtykke	8
1.6	Prinsipp for saksbehandling	8
1.7	Klage	9
1.8	Kva kan forventast frå tildelingsteam og tenesteytar	9
1.9	Kva forventast frå søkjar / tenestemottakar	9
2	Viktigaste lovgrunnlag for dei kommunale tenestae	10
3	Tryggleiksalarm	10
3.1	Lovgrunnlag	10
3.2	Målsetting	10
3.3	Kriterium for tildeling	10
3.4	Vilkår for leige av tryggleiksalarm	11
3.5	Kvalitetskrav til tenesta tryggleiksalarm	11
3.6	Dette kan brukar forvente av tildelingsteam / tenesteyter	11
3.7	Kva forventast frå søkjar / tenestemottakar	11
3.8	Praktiske opplysningar	11
4	Matombringning	11
4.1	Lovgrunnlag	11
4.2	Målsetting	12
4.3	Kriterium for tildeling	12
4.4	Vilkår for å abonnere på ordninga	12
4.5	Innhald i tenesta	12
4.6	Kva kan brukar forvente av tenesteyter	12
4.7	Kva vert forventa frå brukar	12
4.8	Praktiske opplysningar	12
5	Personleg assistanse - praktisk bistand, opplæring og støttekontakt	12
5.1	Lovgrunnlag	12
5.2	Målsetting – praktisk bistand/opplæring	12
5.3	Kriterium for tildeling	13
5.4	Tenesta sitt innhald	13
5.5	Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar	13
5.6	Kva forventast av brukar	14
5.7	Oppgåver som ikkje inngår i praktisk bistand	14
5.8	Kommunale vilkår	15
5.9	Praktiske opplysningar	15
6	Særskild for støttekontakt	15
6.1	Målsetting - støttekontakt	15
6.2	Kriterium for tildeling	15
6.3	Tenestas innhald	16
6.4	Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar	16
6.5	Kva forventast av brukar	16
6.6	Praktiske opplysningar	16

7	Særskild for brukarstyrt personlig assistanse (BPA)	17
7.1	Lovgrunnlag	17
7.2	Målsetting	17
7.3	Kriterium for tildeling	17
7.4	Tenestas innhald	17
7.5	Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar	17
7.6	Kva forventast av brukar	18
7.7	Kommunale vilkår	18
7.8	Praktiske opplysningar	18
8	Helsetenester i heimen	18
8.1	Lovgrunnlag	18
8.2	Målsetting	18
8.3	Kriterium for tildeling	18
8.4	Standard for tenesta	19
8.4.1	Personleg stell og pleie	19
8.4.2	Ernæring	19
8.4.3	Tilsyn	19
8.4.4	Rehabilitering	19
8.4.5	Administrering av medikament	20
8.4.6	Sår-behandling	20
8.4.7	Prøver, undersøking, injeksjonar o.l.	20
8.4.8	Omsorg ved livets slutt	20
8.4.9	Medisinsk ansvar	20
8.5	Oppgåver som ikkje inngår i tenesta	21
8.6	Kva kan brukar forvente av tildelingsteam / tenesteytar	21
8.7	Kva forventast av brukar / tenestemottakar	21
8.8	Praktiske opplysningar	21
8.9	Kreftsjukepleie	21
9.	Psykisk helsearbeid i heimen	22
9.1	Lovgrunnlag	22
9.2	Målsetting	22
9.3	Kriterium for tildeling	22
9.4	Tenesta kan tilby	22
9.5	Dagtilbud for menneske med psykiske problem	23
9.6	Brukarane kan forvente:	23
10	Dagaktivitetstilbod	23
10.1	Lovgrunnlag	23
10.2	Målsetting	23
10.3	Kven kan få tenesta	24
10.4	Tilbodet kan beskrivast slik:	24
10.5	Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar	24
11	Omsorgsbustad	24
11.1	Lovgrunnlag	24
11.2	Generelt	25
11.3	Målsetting	25
11.4	Kriterium for tildeling av bustad	25
11.5	Praktiske opplysningar	26
11.6	Kva forventast av søkjar	26
11.7	Behandling av søknad, venteliste og innvilga vedtak, klage	26
12	Omsorgsløn	26

12.1 Lovgrunnlag .....	26
12.2 Målsetting.....	26
12.3 Kriterium for tildeling.....	26
12.4 Vurdering.....	27
12.5 Omfang og avgrensingar .....	28
12.6 Løn.....	28
12.7 Klage.....	28
13 Avlastning i kommunal bustad eller privat heim.....	28
13.1 Lovgrunnlag .....	28
13.2 Målsetting.....	28
13.3 Kven kan få tenesta.....	29
13.4 Innhald i tenesta.....	29
13.5 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar .....	29
13.6 Kva forventast av brukar / føresette .....	29
13.7 Kommunale vilkår.....	29
13.8 Praktiske opplysningar .....	29
14 Korttidsopphold i institusjon .....	30
14.1 Lovgrunnlag .....	30
14.2 Målsetting.....	30
14.3 Kven kan få tenesta.....	30
14.4 Innhald i tenesta .....	30
14.5 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar .....	31
14.6 Kva forventast av brukar .....	31
14.7 Praktiske opplysningar .....	31
15 Langtidsopphald i sjukeheim .....	31
15.1 Målsetting.....	31
15.2 Kven kan få tenesta.....	31
15.3 Innhald i tenesta .....	31
15.4 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar .....	32
15.5 Kva forventast av brukar / pårørande .....	32
15.6 Kommunale vilkår.....	32
15.7 Praktiske opplysningar .....	32
16 Avlastning i institusjon .....	33
16.1 Lovgrunnlag .....	33
16.2 Målsetting.....	33
16.3 Kven kan få tenesta.....	33
16.4 Innhald i tenesta .....	33
16.5 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar .....	33
16.6 Kva forventast av brukar / føresette .....	33
16.7 Kommunale vilkår.....	33
16.8 Praktiske opplysningar .....	34
17 Kommunal garanti for VTA- plass på VINN AS Hallingdal .....	34
17.1 Lovgrunnlag .....	34
17.2 Målsetting.....	34
17.3 Kven kan få kommunal garanti.....	34
17.4 Kriterium for tildeling.....	34
17.5 Kommunale vilkår .....	34
17.6 Vedtak og klage .....	34



## 1 Kvalitetsstandard for helse – og omsorgstenesta i Gol kommune.

Dette dokumentet er ei presisering av korleis Gol kommune ønskjer å tilby sine tenester til våre innbyggjarar. Vårt mål er å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i myndigheitskrav, faglege og juridiske vurderingar og politiske prioriteringar.

Det er kommunane, som gjennom desentralisering og utvikling av lokalt sjølvstyre, har fått ei viktig rolle i fordeling av helse- og omsorgstenester. Kommunane har det overordna ansvaret for kvalitetssikringsarbeidet og for at tilbodet organiserast på ein heilskapleg måte. Kommunane har eit planleggings- og driftsansvar, eit økonomisk ansvar for tenesta og eit arbeidsgjevaransvar for dei som jobbar i tenesta. I samsvar med internkontrollforskrifta må kommunane sørgje for systematiske tiltak som sikrar at verksemda sine aktivitetar vert planlagt, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av helse- og omsorgstenestelovgivinga.

Helse - og omsorgstenesteloven § 3-1 slår fast kommunen sitt ansvar:

«Kommunen skal **sørge for** at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergreper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Lovens formål er særlig å:

1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,
2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,
3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,
4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,
5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,
6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og
7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig.

Kommunens «sørge for – ansvar» etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.»

Mange tenestemottakarar har eit særskild behov for at helse- og omsorgstenesta samhandlar, og har det til felles at dei har eit behandlings- og omsorgsbehov som ingen av tenesteytarane kan tilfredsstille aleine. Det er derfor viktig at tenestene er lett tilgjengelege, individuelt tilpassa, heilskaplege, koordinerte og samanhengande. Eit av dei mest sentrale punkta i samhandlingsreforma er at dei ulike delane av helse- og omsorgstenesta skal betre evna si til å svare på pasientane sine behov for koordinerte tenester. Det er ein føresetnad med god samhandling mellom dei ulike tenesta. Det er derfor eit mål at tenestemottakarane møter ein heilskapleg helse- og omsorgsteneste som er godt samordna, prega av kontinuitet og med heilskaplege tiltakskjeder.

Saksbehandling av alle søknader om helse - og omsorgstenester skal gjerast i tråd med Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker (fvl), IS 1040 – Saksbehandling og dokumentasjon

for pleie- og omsorgstenester, samt dette dokumentet. Behova må kartleggjast, og dersom søkjar har rettskrav på tenester, skal tenestene som vert tilbydd vere fagleg forsvarlege. Avgjersle om tildeling av helse- og omsorgstenester blir rekna som enkeltvedtak, slik at det er forvaltningslova sine reglar gjeld. Med enkeltvedtak er det meint ei avgjersle som gjeld retter eller plikter til ein eller fleire bestemte personar, jf. Forvaltningsloven § 2 b. Intern saksgang og rutinar for saksbehandling blir beskrivi i Kvalitetssikringsrutinen for tildelingsteam. Avvik på rutinane vert meld i eige system.

Kvalitetsstandarden skal evaluerast og oppdaterast kvart år i samband med budsjettprosessen i kommunen, seinast 1. desember kvart år.

### 1.1. Søknad

Søkjar må vere synonym med tenestemottakar. Dersom ein søkjar er ein annan enn tenestemottakar skal det liggje føre fullmakt, og årsaken til dette skal beskrivast. Dersom det er muleg, skal den det søkjast for sjølv uttale seg om sitt tenestebehov. Ein skal søke på [kommunens søknadsskjema](#).

Når søknad er mottatt vil tildelingsteamet ved saksbehandlar ta direkte kontakt med søkjar for å avtale heimebesøk eller samtale på kontoret. Det er nødvendig med ei kartlegging saman med søkjar for å avklare søkjar sine eigne ressursar i forhold til behov for hjelp. I tillegg må eventuelle medisinske opplysningar frå lege/sjukehus liggje føre før saka kan behandlast.

### 1.2 Grunnleggjande prinsipp

- All tenesteyting skal ta utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og føre til at brukaren opprettheld eller får attende størst muleg grad av eigenmeistring.
- Gol kommune skal tilretteleggje tenester slik at brukaren kan bu heime lengst muleg.
- Gol kommune skal ha fleksible, trygge og tilstrekkelege tenester med stor grad av brukarmedverknad.
- Tenesteytarane skal bidra til stimulering av eigen læring, motivasjon, auka funksjons- og meistringsevne, likeverd og deltaking for våre tenestemottakarar.

### 1.3 Målsetting

- Sikre søkjar ei tverrfagleg, rettferdig og individuell vurdering av alle typar helse- og omsorgstenester.
- Tildele rett hjelp til rett tid på rett stad, i riktig mengde, for å byggje opp om den enkelte sine eigne ressursar og meistringsevne til å møte dagleglivets utfordringar, både i og utanfor heimen.
- Brukarar skal få bu lengst muleg i eigen bustad.
- Utføre tenester med god kvalitet.
- Utnytte ressursane på ein god og effektiv måte.
- Tildele tenester i tråd med BEON-prinsippet; beste effektive omsorgsnivå.

Tenestetype og omfang på tenester vert tilmålt etter at det er vurdert om rettskrav på tenesta er oppfylt.

### 1.4 Tenester Gol kommune tilbyr

- Tryggleiksalarm
- Matombering
- Personleg assistanse – her under praktisk bistand, opplæring og støttekontakt

- Brukarstyrt personleg assistanse
- Helsetenester i heimen
- Dag-tilbod (arbeidssenter for psykisk utviklingshemma og dagsenter for eldre heimebuande)
- Omsorgsbustad
- Avlastning (privat eller i kommunal avlastningsbustad)
- Omsorgsløn (yting)
- Korttidsopphald i institusjon
- Langtidsopphald i institusjon
- Avlastning i institusjon
- Kommunal garanti for plassen på VINN AS.

### 1.5 Samtykke

Det skal liggje føre informert samtykke frå søkjar, eller innhenta samtykke frå pårørende eller hjelpeverje der søkjar sjølv ikkje er i stand til å gi informert samtykke på grunn av sin helsetilstand. Dersom pasienten ikkje har samtykkekompetanse, har pasienten sine næraste pårørende rett til å medverke saman med pasienten. Søkjars / tenestemottakar samtykkekompetanse skal dokumenterast. (Lov om pasient- og brukarrettigheter kap.4).

### 1.6 Prinsipp for saksbehandling

- Ved mottatt henvendelse skal det raskt avklarast kva tenester som er aktuelle i forhold til behov. Saksbehandlar har veiledningsplikt om tenestetilbodet.
- Når tenestebehovet skal vurderast skal det takast utgangspunkt i kva den enkelte klarer sjølv, og kva som skal til for at brukar vinn attende eller opprettheld størst muleg grad av eigenmeistring. Det er nødvendig å avklare søkjar sine eigne ressursar i forhold til behov for hjelp.
- IPLOS informasjonsbrosjyre skal delast ut til alle søkjarar og gjennomgåast ved behov.
- Søkjar / tenestemottakar skal få tenester vurdert ut i frå lovverk, tverrfagleg individuell vurdering og vedtekne standardar.
- Det blir lagt vekt på brukarmedverknad i tilrettelegging av tenesta.
- Det blir gjort IPLOS- kartlegging som beskriv ressursar og bistandsbehov til dei som søker eller tek i mot omsorgstenester. Det er ei minimum kartlegging. Annan kartlegging må vurderast i forhold til tenester det blir søkt om.
- Det blir deretter gjort ei vurdering av søkjar / tenestemottakar sitt behov for helsehjelp.
- Det er ikkje krav om enkeltvedtak for tenester som vert anslått å vare mindre enn 14 dagar. Det blir i dei tilfelle fatta ei «Avgjerd» om teneste. IPLOS skal likevel registrerast og dokumenterast.
- All datainnsamling må dokumenterast og blir tatt med i vurderinga av tenestebehov.
- Søkjar / tenestemottakar skal i møte med Gol kommune få god service der tilsette er tilgjengelege, imøtekomande og gir god informasjon om tenester, rett og plikt.
- Saksbehandling følgjer Forvaltningslova.
- Søknader og personlege opplysningar vert behandla konfidensielt, og tieplikt vert overhalde.



- Tildelingsteamet tek kontakt med søkjar / tenestemottakar for å avtale kartleggingsbesøk. Vanlegvis blir dette gjort ved heimebesøk eller ved besøk der søkjar / tenestemottakar oppheld seg. Dersom søkjar bur i ein annan kommune blir det innhenta opplysningar frå bustadkommunen.
- Ved behov for nødvendig helsehjelp etter sjukehusinnlegging eller akutt behov for nødvendig helsehjelp utan sjukehusinnlegging føreåt, vil tildelingsteamet saman med tenesteyter koma fram til tiltak som skal setjast i verk. Dersom behovet er forventa å vare lenger enn 2 veker skal det skrivast vedtak på tildeling av tenester i etterkant, jf. Helse- og omsorgstjenesteloven (HOL) § 11.
- Søkjar / tenestemottakar som har behov for langvarige og koordinerte tenester skal få tilbod om individuell plan, jf. HOL § 7-1.
- Vedtak om tenester blir fortløpande evaluert av tenesteyter og ved endring av behov blir det gitt beskjed til tildelingsteamet, som vurderer behov for endring av tenestemengde eller type, og fattar endringsvedtak.

### 1.7 Klage

Søkjar vil få tilsendt skriftleg svar på søknaden sin, med opplysningar om vedtaket som er fatta, samt om høve til å klage. Alle enkeltvedtak med tenestetype og omfang kan klagast på innan tidsfristen. Dersom det er behov for hjelp til å skrive klage kan tildelingsteamet eller tenesteytar hjelpe til med dette. Klage skal sendast til tildelingsteamet. Om vedtaket vert oppretthalde utan endring kan klage sendast over til Fylkesmannen i Buskerud for endeleg vurdering og avgjerd.

Klage på tenesteutføring, kvalitet eller helsepersonell skal gå til avdelingsleiar for tenesta.

### 1.8 Kva kan forventast frå tildelingsteam og tenesteytar

Dette er felles for alle tenester. Meir utfyllande forventningar er omtala under kvart enkelt tenestetilbod.

- Teieplikt blir overhalde.
- Møter brukaren med respekt og venlegheit.
- Tilsette i heimetjenesten har ID-kort.
- Heilskapleg behov for hjelp blir kartlagt saman med søkjar / tenestemottakar og eventuelt pårørande.
- Tildelingsteamet behandlar søknaden og tildeler tenester etter ei tverrfagleg vurdering.
- Skriftleg vedtak og tenestebeskriving.
- Tenester blir utført i tråd med vedtak.
- Dei tenester som blir ytt, skal vere fagleg forsvarlege og tilstrekkelege til å dekke grunnleggjande behov.
- Eventuelle klager blir tatt på alvor.
- Tenestetilbodet blir revurdert ved endring av behov/funksjonsnivå.
- Gir relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta i Gol kommune.

### 1.9 Kva forventast frå søkjar / tenestemottakar

Dette er felles for alle tenester. Meir utfyllande forventningar er omtala under kvart enkelt tenestetilbod.

- Skaffe nødvendige opplysningar og / eller fullmakt til å hente inn opplysningar som er relevante for tildeling og utføring av tenester.
- Gjer seg kjend med innhald i vedtaket.

- Er det husdyr i heimen, skal det sørgjast for at desse ikkje er til sjenanse for tenesteytar.
- Om det røykjast i heimen, skal det sørgjast for god utlufting før tilsette kjem.
- Gir beskjed til tildelingsteam eller tenesteytar ved endring av behov.
- At tenesteytarar ikkje vert kontakta på fritida.
- At du melder frå til tildelingsteam eller tenesteytar/områdeleiar-/avdelingsleiar dersom du er misfornøgd med noko, har behov for informasjon, råd, rettleiing eller eventuelt vil klage.
- For opphald i institusjon så må søkjar sjølv ønske opphald i institusjonen, og det må vere behov for heildøgns omsorg og pleie.

## 2 Viktigaste lovgrunnlag for dei kommunale tenestae

Følgjende lovverk danner rammen for dei kommunale tenester:

- Lov om Helse- og omsorgstjenester § 3-1 (HOL).
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven (fvl.)).
- Lov om bruker- og pasientrettigheter (Pasientrettighetsloven (pasrl.)).
- Lov om helsepersonell (Helsepersonelloven (hlspl.)).
- Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene (Kvalitetsforskriften).
- Forskrift om en verdig eldreomsorg
- Forskrift om IPLOS-registeret
- Veileder IS-1040 (2006) Saksbehandling og dokumentasjon for pleie – og omsorgstjenester.
- Veileder IS-1183 (2004) Hvordan holde orden i eget hus, Internkontroll i sosial og helsetjenesten

## 3 Tryggleiksalarm

### 3.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Ved søknad skal enkeltvedtak fattast. Blir tryggleiksalarm vurdert som ei nødvendig teneste vert det gjort vedtak som ein del av praktisk bistand med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav b.

### 3.2 Målsetting

Tryggleiksalarm skal vere eit bidrag til at innbyggjarar kan bu heime eller i omsorgsbustad så lenge som muleg. Tryggleiksalarm skal bidra til auka tryggleik i livssituasjonen. I ein akutt situasjon skal brukar ved hjelp av tryggleiksalarm ha høve til å tilkalle hjelp.

- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell / tverrfagleg vurdering.

### 3.3 Kriterium for tildeling

- Det må liggje føre underskrive søknad.
- Brukar må ha eigen fasttelefon.
- Brukar må kunne forstå tryggleiksalarmen sin funksjon.

- Einslege vert prioritert, men for søkjarar i ein familiesituasjon skal familien sin totalsituasjon vektleggjast.
- Brukar har redusert evne til å røre seg med fare for fallulykker.
- Brukar føler stor grad av utryggleik.
- Brukar har kronisk sjukdom som hindrar bruk av vanleg telefon.
- Brukar har alvorlig sjukdom der behovet for fagleg bistand frå helsepersonell / akutt hjelpebehov kan oppstå.
- Brukar har teknisk utstyr (eks. seng, rullestol og liknande) som kan svikte, og som kan føre til behov for hjelp utanfor rekkevidde av vanleg telefon.

### 3.4 Vilkår for leige av tryggleiksalarm

- Brukarar av tryggleiksalarm er kopla mot SOS International Trygghetsentralen, som vidareformidlar alarmer til rette instans.
- Brukar må betale månadsleige for tryggleiksalarm.
- Vedlikehald og reparasjonar som følgje av vanleg bruk dekkast gjennom månadsleige.
- Brukar må sjølv betale skade som skuldast uaktsam bruk.
- Gol kommune har rett til å inndra tryggleiksalarmar som ikkje brukast i tråd med tildeling.
- Brukar må ha fasttelefonline og sjølv dekke kostnader for denne.
- Brukar syter for framkomeleg veg til bustaden sin.

### 3.5 Kvalitetskrav til tenesta tryggleiksalarm

- Høve til å tilkalle hjelp 24 timar i døgnet.
- Brukar vert gitt opplæring i bruk av alarmer.
- Når brukaren har behov for hjelp, skal denne vere på plass så raskt som muleg.
- Det gjennomførast månadleg sjekk på signaloverføring.

### 3.6 Dette kan brukar forvente av tildelingsteam / tenesteyter

- Opplæring i bruk av alarmer.
- Telefonisk kontakt eller bistand fra helsepersonell ved utløyst alarm.
- Test av alarm i samsvar med rutine.

### 3.7 Kva forventast frå søkjar / tenestemottakar

- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.
- Alarmer nyttast berre når uventa situasjonar oppstår.
- Alarmer er festa til kroppen heile døgnet.
- Brukar varslar vaktentral ved lengre fråvær.
- Alarmer vert handsama forsvarleg.
- Samtykke til at nøkkelboks blir montert på utsida av huset for innlåsing av husnøkkel.

### 3.8 Praktiske opplysningar

- Det betalast leige for alarmer. Leiga vert fastsett årleg av kommunestyret.

## 4 Matombringning

### 4.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Ved søknad skal enkeltvedtak fattast. Vedtaket skal innehalde opplysningar om søknaden vert innvilga heilt eller delvis som ein del av praktisk bistand med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav b.

## 4.2 Målsetting

Eldre eller funksjonshemma som bur heime og har problem med å få laga middag til seg sjølv, kan få maten tilkøyr. Tilbodet består av middag som bringast ein eller fleire dagar i veka. Tenesta skal vere eit supplement for å dekke ernæringsbehovet til innbyggjarar som av ulike årsaker ikkje er i stand til å dekke dette behovet fullt ut sjølv, og på den måten for å førebygge feilernæring og sjukdom.

## 4.3 Kriterium for tildeling

- Det må liggje føre søknad frå brukar.
- Brukar må opphalde seg i kommunen.
- Heimebuande med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming som ikkje er i stand til å sørge for å dekke ernæringsbehov sitt.
- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell / tverrfagleg vurdering.

## 4.4 Vilkår for å abonnere på ordninga

- Abonnementen må forplikte seg til minimum 1 porsjon pr veke.

## 4.5 Innhald i tenesta

- Maten produserast ved kjøkkenet på Gol helsetun og blir køyrd ut til brukar etter vedtak.
- Diett eller særskild tilrettelagt mat blir levert dersom det er medisinske årsaker til det.

## 4.6 Kva kan brukar forvente av tenesteyter

- Middag leverast i tråd med vedtak.

## 4.7 Kva vert forventa frå brukar

- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.
- Avbestilling må skje seinast innan kl. 10.00 same dag som levering, elles blir det kravd betaling.
- Brukar må vere til stades ved levering eller syte for at nokon tek i mot maten.

## 4.8 Praktiske opplysningar

- Pris per porsjon vert vedteke årleg av kommunestyret.
- Faktura sendast ut etterskotsvis kvar månad.

# 5 Personleg assistanse - praktisk bistand, opplæring og støttekontakt

## 5.1 Lovgrunnlag

Personleg assistanse, her under praktisk bistand, opplæring og støttekontakt er heimla i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav b.

## 5.2 Målsetting – praktisk bistand/opplæring

- Praktisk bistand / opplæring skal bidra til at den som tek i mot tenesta blir mest muleg sjølvstendig i dagleglivet og eller får hjelp til daglege gjeremål for å kunne bu i eigen bustad så lenge som muleg.

### 5.3 Kriterium for tildeling

- Søkjar har psykiske, sosiale og eller fysiske funksjonshemmingar. Det skal liggje føre eventuelle helseopplysningar som tilseier at søkjar ikkje kan ivareta eigenomsorg eller er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greie dagleglivet sine gjeremål.

### 5.4 Tenesta sitt innhald

All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av ein kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell / tverrfagleg vurdering.

#### **Praktisk bistand – opplæring/daglege gjeremål:**

Oppgåver som fell inn under praktisk hjelp i heimen (dagleglivets gjeremål) kan vere personlig stell og eigenomsorg som hjelp til å stå opp og legge seg, personleg hygiene, toalettbesøk, hjelp til å kle av og på seg og hjelp til å ete. Praktisk hjelp kan også omfatte reinhald i heimen, innkjøp av nødvendige varer og bringe middag til tenestemottakar. Den skal bidra til at brukar blir mest muleg sjølvhjelpen i dagleglivet. Der det er føremålstenleg skal tenesta innebere opplæring i dagleglivets praktiske gjeremål.

#### Nødvendig reinhald:

- Alminneleg reingjering av rom som er i dagleg bruk; støvturk, golvvask, støvsuging og vask av bad/WC
- Bistand til oppvask av kjøkkenutstyr
- Bistand til innvendig vask av kjøleskap og mikrobølgeovn ved behov
- Bistand til vask av klede i vaskemaskin
- Sengetøyskift ein gong i månaden.
- For reingjering, klesvask og sengetøyskift er minstestandard utmåling i tid 1,5 time ein gong i månaden. I spesielle tilfelle (helsemessige årsaker hos søkjar, dårlig tilrettelagt bustad eller der du sjølv kan utføre deler av arbeidet) kan standard fråvikast i tid og innhald. Det skal då grunnjevast fagleg.

#### Nødvendige ærend:

- Bistand til å handle inn nødvendige hushaldsvarer ved bruk av konto på butikk.
- Bistand til å hente inn brensel der det er lett tilgjengeleg for tenesteytar

#### Ernæring:

- Bistand til oppvarming av ferdiglaga middagsmat
- Kan få tilbod om tilrettelegging / smøre på brødmatt.

#### Anna:

- Planlegging av daglege gjeremål ved bruk av for eksempel dagplanar eller vekeplaner.
- Opplæring i sosiale ferdigheter – nettverksbygging.
- Bistand til å kome i gang med arbeid, dagtilbod og fritidsaktiviteter.

### 5.5 Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar

- Søkjaren sitt behov kartleggast ved heimebesøk.
- Vedtak om tenester vil bli evaluert minst ein gong pr. år, eller oftare dersom det skjer endringar i brukarens helsetilstand/funksjonsnivå.
- Det blir forsøkt gjennomført at brukar får færrest muleg tenesteytarar.
- Tenesta blir gitt til avtalt dag og klokkeslett.

- Dersom tenesteytar er forhindra frå å møte til avtalt tid (avvik på meir enn 30 minuttar), melder tenesteytar i frå om dette snarast muleg, og seinst innan hjelpen skulle vore gitt.
- Dersom hjelpen unntaksvis ikkje blir gitt til avtalt dag, vil du få tilbod om utført hjelp innan 2 virkedager før/etter opprinneleg avtale.
- Du får tilbod om bytte av dag dersom avtalt dag fell på ein heilag/høgtidsdag. Du får då tilbod om å få utført tenesta innan 1 veke før/etter opphavleg avtale.
- Målet med tenesta blir avklart saman med brukar og skal kome fram av vedtaket.
- Tenesta vurderast saman med andre tenestetilbod.
- Bistand til å skaffe personlege assistentar (BPA)/ støttekontaktar.

## 5.6 Kva forventast av brukar

Det vil alltid bli vurdert slik at det brukaren kan utføre sjølv, skal brukaren gjere sjølv så langt det er muleg. Dvs. at dersom brukaren sjølv kan tørke støv ved hjelp av hjelpemiddel, for eksempel vasketralle, blir det ikkje innvilga hjelp til støvtørking.

- Brukar gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.
- Brukar er til stades når tenesteytar utfører praktisk bistand. Elles må det varslast frå seinst dagen før. Brukar er delaktig og utfører dei oppgåvene han/ho greier, og læring og meistring inngår i tilbodet.
- Når brukar tek i mot tenester i heimen blir heimen automatisk tenesteytar sin arbeidsplass. Det vert forventa at brukar bidreg til å skape ein god arbeidsplass for tenesteytar jf. reglane i arbeidsmiljøloven.
- Brukar har nødvendig utstyr som kan forventast som standard i norske heimar.
- Gir beskjed innan 1 veke på førehand dersom det er ønskje om å avlyse besøket/bytte dag.
- Gir beskjed snarast muleg dersom det oppstår akutte situasjonar som gjer at brukar ikkje kan ta imot hjelpa.
- Heimen er lagt til rette for at heimehjelparen får ein god arbeidsplass, ev. tek initiativ til/tar i mot hjelp til utbetring av bustad.
- Fungerer som arbeidsleiar i samsvar med Arbeidsmiljøloven om eit godt arbeidsmiljø.
- Reinhold blir normalt ikkje utført når det er besøkjande til stades.
- Ved tildeling av støttekontakt må brukaren forplikte seg til å halde avtaler og følgje plan for oppdraget.

## 5.7 Oppgåver som ikkje inngår i praktisk bistand

- Stryking av klede.
- Reingjering av områder over "skulderhøgde" eller rom som ikkje er i bruk.
- Hagearbeid som stell av blomar, plenklypp og eller raking
- Storreingjering av tak og vegger, vindaugevask, boning av golv, lufting av store/tunge tepper, pussing av sølvtøy/kopar, innvendig vask av skåp, skifte av dobbeltvindauge etc.
- Baking og middagslaging.
- Vask av fellesgang/ trappegang eller andre fellesoppgåver i burettslag.
- Rydde og vaske opp etter friske pårørande eller besøkjande. I heimar der er vedtak om praktisk bistand, blir pårørande og besøkjande bedt om å rydde opp etter seg.
- Hjelp til kjæledyrhald.
- Frakting av stor søppelsekk til større container.
- Førebuing til høgtider. Kan i særskilde tilfelle avtalast innanfor tilmålt tid der brukar bur aleine og ikkje har pårørande i nærleiken.

- Tenesteyter har ikkje høve til å nytte brukaren sitt bankkort for kontantuttak eller handel. Tenesteyter skal heller ikkje handtere brukaren sine kontantar.
- Vasking av klede og rom for ungdomar og eller andre vaksne som bur heime.
- Rydding av loft og kjellar
- Hogge og eller bære ved
- Vask av altan og eller terrassar
- Strøing og snømoking
- Følgje til innkjøp, banktenester, frisør, fotpleiar, offentlege kontor,
- Tannlege, lege m.m.
- Levering av reseptar og uthenting av medisin på apotek

I særskilde tilfelle kan minstestandard fråvikast i tid og innhald. Det skal då grunngjevast fagleg.

### 5.8 Kommunale vilkår

- Møbler og utstyr i heimen tilpassast ny livssituasjon.
- Gol kommune har utarbeidd egne retningslinjer for arbeid i andre sin heim. Sjå vedlegg : «Din heim – vår arbeidsplass».

### 5.9 Praktiske opplysningar

Eigenbetaling for tenesta praktisk bistand, i samsvar med Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester, skjer på grunnlag av netto inntekt av samla skattbar inntekt for husstanden (ektefelle / sambuar, heimebuande barn) før særfrådrag. Inntektsgrensa blir justert etter grunnbeløpet i folketrygda, og satsar for eigenbetaling blir vedteke av kommunestyret kvart år.

## 6 Særskild for støttekontakt

### 6.1 Målsetting - støttekontakt

- Støttekontakt skal bidra til at den som tek i mot tenesta får ei meningsfull fritid og samvær med andre.

### 6.2 Kriterium for tildeling

Støttekontakt kan tildelast personer og familiar som har behov for dette på grunn av funksjonshemming, alder eller sosiale problem. Eksempel kan vere barn og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma, innvandrarar som er ukjente med det norske samfunn, familiar med samansette problem og rusmiddelmissbrukarar.

#### Anna:

- Det blir innvilga berre unntaksvis støttekontakttimar til barn under 8 år, då denne gruppa sjeldan har eit sjøvstendig kultur- og fritidsliv uavhengig av føresette.
- Ordninga skal berre unntaksvis innvilgast på grunn av avlastingsbehov hjå pårørande.
- Bebuarar på institusjon med heildøgnsbemanning prioriterast som hovudregel ikkje ved tildeling av støttekontakt
- Personer med 1:1 bemanning, innvilgast som hovudregel ikkje støttekontakt.

- Personar med forsyttaransvar, ektefelle eller sambuar, søsken eller andre nære pårørande kan ikkje vere støttekontakt for brukaren.
- Brukar kan normalt disponere timane fritt innafor kvar månad.
- Timar som ikkje er brukt over fleire månader utan gyldig grunnlag (sjukdom, sjukehusopphald) fell bort.

### 6.3 Tenestas innhald

Tenesta kan innvilgast som støtte-/fritids- og eller treningskontakt og omfattar assistanse for å få ei aktiv og meningsfylt fritid til menneske i ulik alder og livssituasjonar.

Tenesta tar sikte på å:

- Gi bistand til den enkelte til å kunne delta i sjølvvalte aktivitetar saman med andre.
- Gi bistand til organisert deltaking i aktivitetsgrupper og individuelt tilrettelagt tilbod i samarbeid med ein frivillig organisasjon.
- Bidra til at brukar får ei meningsfull fritid og samvær med andre.
- Bidra til nettverksbygging og eigenaktivitet.
- Målgruppe for treningskontakt er personer med rus- og eller psykiatriutfordringar, som treng eit aktivt rehabiliteringsløp.

### 6.4 Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar

- Søkjaren sitt behov skal kartleggast ved heimebesøk/ samtale på kontoret.
- Målet med tenesta blir avklart saman med brukar og skal kome fram av vedtaket.
- Tenesta vurderast saman med andre tenestetilbod.
- Bistand til å skaffe støttekontaktar.
- Opplæring og oppfølging av støttekontaktar.

### 6.5 Kva forventast av brukar

- Brukar gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.
- Brukar forpliktar seg til å halde avtaler og følgje plan for oppdraget.
- Brukar tar med ledsagerbevis der dette er innvilga.
- Brukar dekkjer sjølv eigne utgifter i samband med for eksempel kinobesøk, treningssal, konserter, kafébesøk o.l.
- Brukar varslar endra behov.
- Brukar skal halde seg til tildelt timetall for støttekontakt per månad.
- Brukar melder i rimelig tid endringar (f.eks. ved sjukdom, ferie, sjukehusopphald ol.)

### 6.6 Praktiske opplysningar

- Tenesta er gratis



## 7 Særskild for brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) er ei alternativ organisering av praktisk og personleg assistanse (pkt. 6) til menneske som på grunn av nedsett funksjonsevne er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greie dagleglivets gjeremål, både i og utanfor heimen.

### 7.1 Lovgrunnlag

Brukarstyrt personleg assistanse er heimla i HOL § 3-8, jf. § 3-2 punkt 6, bokstav b.

### 7.2 Målsetting

- BPA skal sikre at den einskilde får mulegheit til å leve og bu sjølvstendig og til og ha eit meningsfull tilvere i fellesskap med andre, jf. HOL § 1-1 punkt 3. Vurderast når bistandsbehovet er så omfattande eller av ein slik art at det er meir hensiktsmessig å gi praktisk bistand i form av BPA enn gjennom andre tenester.

### 7.3 Kriterium for tildeling

- Det er ein føresetnad at søkjar sin grad av funksjonssvikt og bistandsbehov er av ein slik art at det er meir hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA enn meir tradisjonelle tenester. Brukar har rolla som arbeidsleiar, og tek på seg større ansvar for organisering og innhald i forhold til sine behov. Det må derfor vurderast kor vidt søkjar sin funksjonshemming er til hinder for å utøve nødvendig brukarstyring. Brukar skal ha eigeninnsikt og ha ressursar til eit aktiv liv i og utanfor bustaden. Den som heilt, eller i det vesentlege er ute av stand til å vareta arbeidsleiarrolla, bør få dekkja sitt behov for praktisk bistand på ein annan måte.

### 7.4 Tenestas innhald

All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av ei kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell / tverrfagleg vurdering.

- BPA blir innvilga for praktisk bistand og eventuelt opplæring i hushaldsoppgåver og personleg bistand i og utanfor heimen.
- Det skal vere reell brukarstyring, og brukaren sine ønskjer og behov skal bli vektlagt.
- Brukar leier arbeidet og tek sjølv ansvar for kva oppgåver som skal utførast, kor og når dei skal utførast, innanfor tildelt timeramme.
- BPA kan kombinerast med andre tenester, f. eks. sjukepleiefagleg bistand. Det avgjerande er kva som er den mest hensiktsmessige hjelpa.
- Dersom brukar ikkje er i stand til å vareta arbeidsleiarrolla, kan det likevel tildelast BPA, men då med ein annan nærstående person i rolla som arbeidsleiar.
- Oppgåva med å vere assisterande arbeidsleiar utløyser ikkje lønnskompensasjon.
- Dersom assisterande arbeidsleiar ikkje kan fungere i dagleg arbeidsleiing over ei periode, pga. ferie eller anna, kan det bli nødvendig at brukar får tildelt tenester på annan måte enn BPA, for eksempel bistand frå heimebaserte tenester.

### 7.5 Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar

- Søkjaren sitt behov blir kartlagd ved heimebesøk.
- Vedtak om tenester vil bli evaluert minst ein gong pr. år, eller oftare dersom det skjer endringar i brukaren sin helsetilstand eller funksjonsnivå.
- Målet med tenesta blir avklart saman med brukar og skal koma fram i vedtaket.
- Tenesta vurderast saman med andre tenestetilbod.

- Bistand til å skaffe personleg assistent (BPA).

#### 7.6 Kva forventast av brukar

Det vil alltid bli vurdert slik at det brukaren kan utføre sjølv, skal brukaren gjere sjølv så langt det er muleg.

- Brukar gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.
- Når brukar tek i mot tenester i heimen blir heimen automatisk tenesteytar sin arbeidsplass. Det forventast at brukar bidreg til å skape ein god arbeidsplass for tenesteytar jf. reglar i arbeidsmiljølova.
- Brukar har nødvendig utstyr som kan forventast som standard i norske heimar.
- Gir beskjed snarast muleg dersom det oppstår akutte situasjonar som gjer at brukar ikkje kan ta imot hjelpa.
- Heimen er lagt til rette for at assistenten får ein god arbeidsplass, ev. tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad.
- Fungerer som arbeidsleiar i samsvar med arbeidsmiljølova sine reglar om eit godt arbeidsmiljø.

#### 7.7 Kommunale vilkår

- Møblar og utstyr i heimen vert tilpassa ny livssituasjon.
- Gol kommune har utarbeidd egne retningslinjer for arbeid i andre sin heim. Sjå vedlegg : «Din heim – vår arbeidsplass».

#### 7.8 Praktiske opplysningar

Eigenbetaling, i samsvar med Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester, skjer på grunnlag av netto inntekt av samla skattbar inntekt for husstanden (ektefelle / sambuar, heimebuande barn) før særfrådrag. Inntektsgrensa blir justert etter grunnbeløpet i folketrygda, og satsar for eigenbetaling blir vedteke av kommunestyret kvart år.

### 8 Helsetenester i heimen

#### 8.1 Lovgrunnlag

Helsetenester i heimen er heimla i Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 og 3-2 punkt 6, bokstav a. og omfattar ulike helsetenester som blir ytt i heimen, her under sjukepleie og psykisk helseteneste.

#### 8.2 Målsetting

- Brukar blir buande heime med nødvendig helsehjelp og får varetatt grunnleggjande behov ved kort- eller langvarig funksjonssvikt.
- Førebyggje behov for heildøgns butilbod ved å leggje til rette for at dei som vil kan bu i eigen heim så lenge dei sjølv ønskjer og det er praktisk å gjennomføre.
- At den som tek i mot tenesta skal klare mest muleg sjølv og bli minst muleg avhengig av hjelp.

#### 8.3 Kriterium for tildeling

All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av ei kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), helsetilstand og etter individuell / tverrfagleg vurdering.

Helsetenester i heimen tildelast dei som oppheld seg i kommunen og som fyller vilkåra for å få nødvendige helse- og omsorgstenester. Tenesta tildelast for å hjelpe den som av fysiske og eller psykiske årsaker ikkje greier å vareta eige liv eller helse på ein forsvarleg måte.

Det vurderast om brukar er avhengig av hjelp av medisinsk og helsemessig karakter til:

- personleg stell og hygiene.
- bevegelse og mobilitet.
- oppretthalde ernærings- og væskebalanse.
- eliminasjon av avfallsstoff.
- nødvendig aktivitet, søvn og kvile.
- respirasjon, sirkulasjon og varmeregulering.

- Formidling av hjelpemidlar.
- Rehabilitering.
- Psykisk helsearbeid.

Betjening av tryggleiksalarmar.

## 8.4 Standard for tenesta

### 8.4.1 Personleg stell og pleie

- Bistand til å stå opp og leggje seg og vareta personleg hygiene.
- Bistand til dusj, samt vask av hår. I samband med dusj ytast bistand til å klyppe neglar ved behov, stell av vanskelege neglar må føregå hjå fotpleiar.
- Opplæring i bruk av inkontinens-utstyr, stell av stomi, kateterisering og stell av urinkateter.

### 8.4.2 Ernæring

- Kan få tilbod om tilrettelegging eller smøre brødmatt.
- Bistand til oppvarming av ferdig laga middagsmat. Må sørgje for mat i heimen, jf. matombering. Dette inneber ikkje handling av matvarer.
- Kartlegging og oppfølging i forhold til ernæringsmessig risiko.

### 8.4.3 Tilsyn

- Tilsyn i form av besøk eller telefonoppfølging frå tenesteytar skal ha ein klar konkret hensikt og vere fagleg grunngjeve.
- Brukar med tryggleiksalarm får som hovudregel ikkje vedtak om tilsynsbesøk.

### 8.4.4 Rehabilitering

- Med rehabilitering meinast tidsavgrensa, planlagte prosessar med klare mål og verkemidlar, der fleire aktørar/profesjonar samarbeidar om å gi assistanse / rettleiing/ trening til brukaren sin eigeninnsats, for å oppnå best muleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende, sosial og samfunnsmessig deltaking.
- Søkjar må ha eit aktivitetsproblem og eller ei funksjonsnedsetting som gjer kvardagen vanskeleg å meistre.
- Pasienten må ha eit rehabiliteringsbehov som ikkje krev opphald i institusjon.
- Det må finnast eit rehabiliteringspotensiale som inneber at søker responderer på trening/stimuli som tenesta inneheld.

- Funksjonsnedsettinga må ikkje vere av ein slik art at søkjar må ha trening dagleg eller fleire gonger pr. dag over lang tid, men at tenesta kan gjevast som eit dagtilbod.
- Det skal utformast klart hovudmål og delmål for rehabiliteringa i samarbeid med brukar.

Tilbodet skal vurderast fortløpande og avsluttast så snart målsetting er oppnådd.

#### 8.4.5 Administrering av medikament

Hovudregelen er at brukarar bør ta hand om medisinane sine sjølv. Brukarar som kan nytte seg av multidose direkte frå apoteket vil ikkje få bistand til administrering av medikament. Bistand til å administrere medisin (levere resept på apotek, hente medisin, gjera klar og utlevere veke-dosett) kan bli innvilga når:

- Brukar har nedsett minne eller vurderingsevne.
- Brukar har betydelig nedsett funksjonsevne.
- Brukar er rusavhengig eller har rusproblem.

#### 8.4.6 Sår-behandling

- Det kan utførast sår-stell i heimen dersom det medfører stort strev for brukar å kome seg til legekontor, og når det er fagleg grunngjeving frå lege at sår-stell må utførast av helsepersonell. Sår skal som hovudregel vere vurdert av lege.

#### 8.4.7 Prøver, undersøking, injeksjonar o.l.

- Utførast normalt ikkje til dei som kan oppsøke legekantoret.
- Tenester som brukar kan få tilbod om andre stader, vil hovudsakleg ikkje bli tilbydd. Eksempel er ulike typar blodprøver, injeksjonar som f. eks. B 12, influensavaksine o.l. Brukar eller pårørande må bestille drosje for at brukar skal kunne kome seg til lege. Dersom det av helsemessige grunnar ikkje lar seg gjere at brukar kan få utført desse tenestene hjå lege, må det søkast på slik teneste.
- Måling av blodtrykk, puls og blodsukker er undersøkingar som blir gjort som ledd i ein observasjon. Dette skal grunngjevast fagleg og vere tidsavgrensa.

#### 8.4.8 Omsorg ved livets slutt

Det blir gitt mulegheit for at brukarar som ønskjer det, får dø i heimen, omgitt av sine næraste. I desse tilfelle skal følgjande vektleggast:

- Brukaren skal sikrast best muleg pleie og stell gjennom færrast muleg tenesteytarar.
- Brukaren sine ønskjer og behov skal så langt som muleg imøtekomast.
- Sikre at pårørande får nødvendig hjelp og støtte.
- Det blir avklart samhandling med behandlande sjukehus, Hallingdal lokalmedisinske senter og eller fastlege.
- Det kan gjevast tilbod om smerte- og symptomlindrande behandling.

#### 8.4.9 Medisinsk ansvar

Ved behov for observasjon, vurdering og oppfølging av medisinsk behandling, skal det alltid ligge føre medisinsk vurdering frå lege. Dersom dette manglar, skal tildelingsteam/tenesteytar sørge for at pasienten får nødvendig legetilsyn.

### 8.5 Oppgaver som ikkje inngår i tenesta

- Brukarar som treng akutt medisinsk/kirurgisk og psykiatrisk behandling, skal henvisast til spesialisthelsetenesta.
- Følgje til lege og korttidsopphald på sjukeheim.
- Natteneste utover korte tilsyn.
- Skyss/transport i bil.
- Hårstell.

### 8.6 Kva kan brukar forvente av tildelingsteam / tenesteytar

- Når søknad er mottatt vil tildelingsteam ta kontakt for avtale om heimebesøk eller samtale.
- Dersom det oppstår akutt behov for nødvendig helsehjelp vil hjelpa bli satt i gang og kartlegging vil bli utført etterpå. Så snart som muleg blir det fatta vedtak om teneste.
- Brukar får beskjed seinast same dag dersom avtaler må endrast.
- Tenesteytar vil samhandle med brukar om utføring av tenesta.
- Tenesta organiserast på ein slik måte at det blir færrest muleg tenesteytarar, det vil si primærsjukepleie.
- Alle som tek i mot helsetenester i heimen i meir enn 3 månader har rett til fri tannbehandling ved offentleg tannklinikk.
- Personalet ikkje har høve til å ta i mot personlege gåver.

### 8.7 Kva forventast av brukar / tenestemottakar

- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.
- Brukar må vere til stades i heimen og det vert forventa at brukar gir beskjed dersom han/ho ikkje er heime til avtalt tid.
- Når brukar tek i mot tenester i heimen blir heimen automatisk tenesteytars arbeidsplass. Det vert forventa at brukar bidreg til å skape ein god arbeidsplass for tenesteytar jf. reglar i i arbeidsmiljølova.
- Det er brukar sitt ansvar at heimen er utstyrt med nødvendig og tilpassa utstyr for eksempel neglesaks, toalettsaker og temperaturmåler til utføring av arbeidsoppgåvene.
- Brukar må sørge for at vegen er framkomeleg og trygg uansett årstid.
- Det må vere lys utomhus slik at det er lett finne fram.
- God hygiene er viktig for både brukar og tenesteytar. Det skal vere flytande såpe og tørkepapir tilgjengeleg.
- Nødvendig tilrettelegging i bustaden aksepterast, f.eks. hjelpemidlar, ommøblering.
- Når det blir søkt om bistand til å administrere medisin må brukar samtykke til at medikamenthandteringa er i samsvar med "prosedyre for legemiddelhandtering til heimebuande".

### 8.8 Praktiske opplysningar

Det er ikkje eigenbetaling for helsetenester i heimen.

Akutte situasjonar kan oppstå slik at oppdrag kan bli forskyvd.

### 8.9 Kreftsjukepleie

#### Formål:

- Gi tilbod om å gi nødvendig helsehjelp ved kort eller langvarig kreftsjukdom.
- Førebygge, behandle og tilrettelegge for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne.

#### Kriterium:

- Personar med diagnosen kreft og eller pårørande som treng støtte, oppfølging, råd og rettleiing, i forhold til smertelindring, ernæring, symptom lindring, oppfølging i forhold til ulike behandlingsopplegg og støttesamtaler.
- Personer som trenger koordinering av behandlinga mellom sjukehus, fastlege og kreftsykepleier.

## 9. Psykisk helsearbeid i heimen

### 9.1 Lovgrunnlag

- Tenesta blir tildelt etter Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 og 3-2 punkt 6, bokstav a.
- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivå, individuell samtaler og vurdering av behov for tjenester.

### 9.2 Målsetting

Målet for tenesta er å bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem, førebygge og redusere problemutvikling og fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting.

Målgrupper for tenesta er personar i Gol med:

1. Milde og kortvarige problem
2. Kortvarige alvorlige problem/lidingar og langvarige mildare problem/lidingar
3. Alvorlige langvarige problem/lidingar

### 9.3 Kriterium for tildeling

- Søkjar treng og ønskjer bistand til å meistre kvardagen
- Søker kan sjølv ta kontakt, eller andre instansar som lege, sjukehus, skule, andre samarbeidande instansar kan henvise
- Søkjar må vere innan målgruppa
- Søkjar må ha hjelp til å løyse psykiske problem som er til hinder for daglege gjeremål/eigenaktivitet/livsutfolding
- Søkjar må vere brukar av kommunen si helseteneste

Krav som må vere innfridd for tildeling av teneste:

- Det må liggje føre skriftleg eller munnleg søknad, eventuelt frå foreldre/verje
- Lova sine vilkår må vere oppfylt.

Ved tildeling av tenesta:

- Etter at søknadsskjema er fylt ut, vil det bli avtalt tidspunkt for ei kartleggingsamtale der søker kan komme med sine ynskjer og behov.
- Etter kartleggingsamtalen blir det fatta enkeltvedtak der det står kva slags tenester og tilbod søkjar vil kunne ta i mot frå kommunen.

### 9.4 Tenesta kan tilby

- Generell oppfølging og rettleiing
- Individuelle samtaler
- Praktisk bistand og opplæring for å kunne meistre buforhold, personleg økonomi, personleg hygiene med meir

- Førebyggjande helsetenester, nødvendig helsehjelp (behandling av sjukdom, og psykososial habilitering og rehabilitering)
- Framskaffing av bustad og oppfølging i bustad
- Sosial eller arbeidsretta aktivisering
- Arbeid med individuell plan
- Henvising til behandling
- Samtaler og kurs med/ for pårørande til psykisk sjuke  
KID kurs (meistring av depresjon)
- Kurs med stress som tema og Mindfulness som metode  
Støttekontaktordning.

### 9.5 Dagtilbud for menneske med psykiske problemer

- Dameklubb onsdag fra 11-13
- Torsdagstreff 11 – 14
- Helg: samling lørdagar på psykisk helse eller andre aktivitetar som skjer i bygda
- Brukarmøte 1 gong i månaden
- Julemarked
- Svømming tysdagar om kvelden på samfunnshuset
- Fysisk aktivitet tysdagar i samarbeid med friskliv
- Treffstaden er knytta til Psykisk helse og er eit dagtilbod for menneske med psykiske problem i Gol kommune
- I lokala til psykisk helseteneste er det høve til å treffe andre, lese dagens aviser, surfe på internett og ta ein kopp kaffe i trivelege lokaler. Torsdagar og i helgane er det samling med måltidslaging.

### 9.6 Brukarane kan forvente:

- Å bli møtt med respekt og forståing
- Brukarmedverknad
- Eit sosialt fellesskap

## 10 Dagaktivitetstilbod

### 10.1 Lovgrunnlag

Dagaktivitetstilbod er ein del av det kommunale omsorgstilbodet. Dagaktivitetstilbod er ikkje lovpålagt, men kan gitt med heimele i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 nr. 5 som omhandlar sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering eller Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav d som omhandlar avlastningstiltak.

### 10.2 Målsetting

#### Arbeidssenteret:

Er eit arbeids- og aktivitetssenter for psykisk utviklingshemma i Gol kommune. Senteret er ein del av pleie- og omsorgstenesta. I tillegg til direkte brukarretta tiltak, skal senteret med sin kompetanse vere med og samarbeide med andre instansar, samt gi råd og rettleiing slik at brukarane får eit best muleg tilbod.

Målsettinga er at senteret skal gi psykisk utviklingshemma i kommunen eit tilpassa arbeids- og aktivitetstilbod slik at dei trivst og blir i stand til å kunne delta med samfunnsnyttig arbeid/ syssel / aktivitet ut frå egne føresetnader.

- Oppleve ein strukturert og meningsfull kvardag.
- Få styrka sine mulegheiter til å ta del i avgjerder om eigen livssituasjon og framtid.
- Vareta behovet for sosial deltaking.
- Auke mulegheitene for integrering i nærmiljøet.

#### Dagsenter for heimebuande eldre:

Dagaktivitetstilbod kan avlaste omsorgsytar.

Dagaktivitetstilbod kan bidra til utsetting av opphald i institusjon.

Dagaktivitetstilbod skal bidra til ein meningsfylt kvardag.

### 10.3 Kven kan få tenesta

All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av ei kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell / tverrfagleg vurdering.

- Brukarar med behov å auke evna til fysisk, psykisk og sosial eigenomsorg.
- Brukarar med behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter.
- Brukarar med pårørande som har behov for avlastning.

### 10.4 Tilbodet kan beskrivast slik:

#### Aktivitetssenteret:

Hovudaktivitetane er ulike former for arbeid og aktivitet. Med dette som utgangspunkt skal det for kvar enkelt brukar lagast ein plan for eit tilpassa og tilrettelagt tilbod med utgangspunkt i den einskilde sitt behov, ønskjer og utviklingsmulegheiter.

Drifta er basert på følgjande pakkeoppgåver

- Ved-produksjon
- Bud-tenester
- Produksjons-, monterings- og pakkeoppgåver
- Arbeidsutplassering
- Individuell øving eller trening

#### Dagsenter for heimebuande eldre:

Dagsenteret har opningstid frå kl.09.30 til kl.14.00 måndag, tysdag, torsdag og fredag. Det er vanleg at same brukar er på Dagsenteret 2 dagar i veka. Brukarane blir henta heime av drosje og returnert på ettermiddagen. Brukarane får servert frukt og saft, middag og kaffi i løpet av dagen.

Dagane har ulike aktivitetar som f. eks: trim, spill, lesestund, turar og underhaldning.

Det er ein eigenandel med kr. 110,- pr. dag og dette inkluderer mat og transport.

### 10.5 Kva kan forventast av tildelingsteam / tenesteytar

- Det blir gitt eit tilpassa og heilskapleg tilbod til den einskilde brukar. Brukarane møtest på det nivået dei er og det blir tilrettelagt slik at den einskilde kjenner meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer.

## 11 Omsorgsbustad

### 11.1 Lovgrunnlag



Dette er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunen og dermed har ingen lovkrav på denne type bustad, men kommunen er pålagt å medverke til bustader med særlig tilpassing og hjelpe- vernetiltak, i samsvar med Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-7. Positivt vedtak (tildeling) føreset at det finst ledig bustad frå eit gitt tidspunkt som kjem fram i vedtaket. Vedtak om tildeling av omsorgsbustad er å betrakte som eit enkeltvedtak og kan klagast på i samsvar med Forvaltningslova § 28. Leigeforholdet er regulert av husleigelova.

## 11.2 Generelt

Omsorgsbustad er ei fellesnemning på bustader som i utforming har ulike tilpassingar og som skal bidra til at bebuaren i større grad skal kunne meistre kvardagen sin på ein tilfredsstillande måte. Ein omsorgsbustad er ein bustad som er tilrettelagt for orienterings- og rørslehemming, og er å betrakte som bebuaren sin private heim. Omsorgsbustad har ikkje heildøgns personale, og bebuar får tildelt helse og omsorgstenester på individuell basis som andre heimebuande. Natt-teneste utover korte tilsyn er ikkje ein del av tilbodet i omsorgsbustader. Bebuarar med behov for hjelpetiltak som fyller vilkår for tenester blir tildelt desse gjennom eigne enkeltvedtak. Dette inneber at det må søkjast om og fattast enkeltvedtak i forhold til den einskilde tenesta. Omsorgsbustad vert tildelt av tildelingsteamet.

Frå Rundskriv I-27/97, H - 24/97 B - Omsorgsbustad – ein rettleiar, finst følgjande føringar:

"Pleie- og omsorgstenester må tilstås etter brukeren sitt behov, og så lenge som mulig i brukeren sin ordinære bolig. Mangel på livsløpsstandard i egen opprinnelig bolig vil likevel kunne føre til at brukeren på et visst tidspunkt må ta ansvar for å flytte til bolig som er tilrettelagt for at han/ho skal kunne motta slike tjenester. «Hvilket behovsnivå mennesker må ha før de kan få tilbud om omsorgsbolig, vil bli påvirket av kommunens dekningsgrad når det gjelder omsorgsboliger. Samlet betyr dette at omsorgsboliger skal kunne være et tilbud til mennesker med et omfattende behov for pleie og omsorg.»

## 11.3 Målsetting

Bebuaren skal ha eit mest muleg sjølvstendig liv i ein tilrettelagt bustad.

## 11.4 Kriterium for tildeling av bustad

Søklar har ein helsesvikt, og eller er fysisk / psykisk funksjonshemma, og har ein lite funksjonell bustad i dag.

- Bustaden kan påføre ny-, eller vidareutvikle ein allereie eksisterande helsesvikt
- Bustaden gir lite rom for/mulegheit for mobilisering og utnytting av fasilitetar
- Bustaden gir lite rom for/mulegheit for utnytting av eigenomsorgsressursar
- Bustaden har liten mulegheit for tilrettelegging ved hjelp av tekniske hjelpemidlar/innretningar
- Bustadsituasjonen aukar omsorgsbehovet og dermed overforbruk av personalressursar
- Bustadsituasjonen gir vanskelege arbeidsforhold for hjelpepersonell
- Bur hjå foreldre/pårørande, der desse har ytt omsorg som dei no ikkje ønskjer/ ikkje er i stand til å vidareføre.
- Bustaden sine eigarforhold, plassering og utforming gjer det uaktuelt å begynne med tiltak med omsyn til forbetring/ rehabilitering.
- Søklarar til omsorgsbustader i nærleik av base for heimetenesta aksepterast å ha ein dårlegare helsetilstand eller større hjelpebehov for tenester enn søklarar til dei frittliggjande trygdebustadene.
- Søklar har behov for tilrettelagt bustad i forhold til funksjonshemming slik at søklar kan oppretthalde evne til sjølvhjelp og dermed ha mindre behov for hjelp.

Ved tvil om behovet for omsorgsbustad skal IPLOS brukast som ein del av vurderinga.

Søklar må fylle **minst eit** av vilkåra for tilrettelagt bustad, som er beskrivi over.

Omsorgsbustader er ulike med omsyn til utforming og tilgang på tenester og hjelpetiltak. Dette inneber at det ved tildeling, ut frå kjennskap til den einkilde sin bustad, vert gjort ei vurdering av søkjaren sitt behov opp mot den einkilde bustadutforming og tilgang til tenester og hjelpetiltak.

### 11.5 Praktiske opplysningar

- Bu-forholdet blir regulert gjennom Husleigelova og husleigekontrakt må skrivast.
- Husleige etter gjeldande regulativ og blir vedteke av kommunestyret.

### 11.6 Kva forventast av søkjar

- Søknad og medisinske opplysningar må sendast tildelingsteamet.
- Må gi nødvendige opplysningar, eventuelt fullmakt til henting av andre relevante opplysningar før tildeling.
- Søkjar gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.

### 11.7 Behandling av søknad, venteliste og innvilga vedtak, klage

Venteliste:

Søknadane blir fortløpande vurdert og søkjarane som fyller krava til å søkje om kommunal bustad blir sett på venteliste. Søkjar blir skriftleg underretta om søkjar får stå på venteliste eller får avslag på dette. Ventelista er uprioritert, då det ved kvar tildeling vert gjort ei behovsvurdering.

Innvilga vedtak:

Vedtaket om innvilga eller avslag på søknad på bustad blir meld skriftleg til alle på søkjarlista.

Klage:

Avslag kan klagast på jf. Forvaltningslova § 28.

## 12 Omsorgsløn

Omsorgsløn er ei kommunal godtgjering til pårørande eller frivillige omsorgsytarar med omsorg for personar som har stort omsorgsbehov på grunn av alder, funksjonshemming eller sjukdom. Ordninga gjeld både gifte og andre frivillige omsorgsytarar og foreldre som har omsorgsplikt for sine mindreårige barn. Det er ingen øvre aldersgrense for å ta i mot omsorgsløn.

### 12.1 Lovgrunnlag

Omsorgsløn kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 og er løn til pårørande eller andre frivillige som har eit **særskild tyngande** omsorgsarbeid for personar som har eit stort omsorgsbehov på grunn av alder, funksjonshemming eller sjukdom. Kommunane er pålagt å ha ordninga, men det er ikkje ein individuell rettighet for innbyggjarane.

### 12.2 Målsetting

Skal sørge for best muleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og gjere det muleg for private omsorgsytarar å fortsette med omsorgsarbeidet.

### 12.3 Kriterium for tildeling

Begrep	Definisjon
Omsorgsløn	Økonomisk skattepliktig godtgjering
Omsorgsytar	Den som yter nødvendig hjelp/ omsorg overfor hjelpetrengande.

Omsorgsmottakar	Den som treng hjelp/omsorg og blir varetatt av omsorgsytaren.
Oppdragsgiver	Gol kommune v/omsorgsavdelinga (som har ansvaret for å fatte vedtak)

- Det skal ligge føre eigen søknad. Søkjar kan vere omsorgsytar eller omsorgsmottakaren sjølv. Det er den som yter hjelp som kan tilståast omsorgsløn.
- Omsorgsmottakaren må samtykke i at omsorgsyter er den som best kan i vareta omsorga.
- Omsorgsarbeidet må føregå heime til omsorgsmottakaren.
- Omsorgsarbeidet må vere nødvendig, i den forstand at brukaren må ha eit hjelpebehov som elles må varetakast av kommunen.
- Omsorgsmottakar må ha eit dokumentert hjelpebehov på grunn av sjukdom, alder, funksjonshemming eller andre årsaker.
- Dersom det ikkje er søkt om hjelpestønad til tilsyn og pleie, kan kommunen krevje at den som treng omsorg søker om slik stønad før søknaden om omsorgsløn blir handsama.
- Det skal ligge føre stadfesting frå NAV om at det er søkt om hjelpestønad.
- Dersom omsorgsmottakar har hjelpestønad frå før, skal det ligge føre kopi av vedtaket frå NAV.
- Det skal ligge føre eit tidsestimat frå søkjar med døgn og vekeplan.
- Omfang av hjelpa som blir ytt vert kartlagt. Kartlegging blir som hovudregel gjort etter at det er søkt om hjelpestønad.
- Etter kartlegginga skal det vere tydeleg for vaksne at det ligg føre **eit særskild tyngande omsorgsarbeid** for at omsorgsløn kan vere eit aktuelt hjelpetiltak. For foreldre er det berre aktuelt med omsorgsløn for den delen av omsorgsarbeidet som klart overstig vanleg omsorg for barn på same alder. Kva som er normalt forventast på dei ulike alderstrinn inneber vurderingar som det kan vere aktuelt å innhente frå andre fagavdelingar, eksempelvis helsestasjonen, barnehagen, skolen.
- Det er ein føresetnad at omsorgsyter utfører omsorgsarbeid som elles ville høyre inn under helse- eller omsorgstenesta i kommunen. Omsorgsmottakaren skal tilfredsstillte kriterium for innvilga praktisk bistand og /eller helsehjelp i heimen.
- Omsorgslønsordning tek ikkje sikte på å gi omsorgsytarane som har serdeles tyngande omsorgsarbeid full kompensasjon for faktisk arbeidstid.
- Pliktmessige tenester som avlastning, helsehjelp i heimen, praktisk bistand, støttekontakt og opplæring og rettleiing, bør vere forsøkt før omsorgsløn vert innvilga, såframt dette ikkje er uhensiktsmessig. I den vurderinga kan også kommunen sin økonomi vere eit moment og kan vektleggjast, men det er ikkje muleg å avslå ein søknad om omsorgsløn på grunnlag av økonomien i kommunen.

#### 12.4 Vurdering

Omsorgsmottakar må ha eit omfattande og varig omsorgsbehov og omsorgsarbeidet må vere **særskild tyngande**. Følgjande skal vurderast:

- Omfang av tenesteyting vist i døgnklokkeskjema.
- Grad av fysisk/psykisk tyngande omsorgsarbeid sett i forhold til normalsituasjon.
- Graden av nattarbeid – avbrot i søvn.
- Korleis omsorgsarbeidet er fordelt over tid, i periodar eller heile tida.
- Om omsorgsarbeidet har vart over lang tid, eller er forventa å vare.
- Om omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid hos omsorgsyter.
- Om omsorgsyter har omsorg for meir enn 1 person.

- Om omsorgsyter har omsorgsplikt. Berre foreldre har omsorgsplikt for mindreårige born. Dei vil berre vere aktuelle for omsorgsløn dersom omsorga klart overstig vanleg omsorg for born på same alder.
- Inntektstap er ikkje vilkår for tildeling av omsorgsløn. God betalingsevne skal heller ikkje brukast som årsak til avslag.
- Omsorgsløn må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgivar i det tyngande omsorgsarbeidet.
- Omsorgsmottakar skal i avgrensa grad kunne nyttiggjere seg annan form for hjelp eller fast avlastning.
- Om omsorga blir ytt store deler av døgnet, og gir omsorgsyter avgrensa mulegheit til fritid.
- Omsorgsyter må vere vurdert til å vere eigna og kompetent til omsorgsarbeidet både av omsorgsmottakaren og kommunen i det einskilde tilfellet.

### 12.5 Omfang og avgrensingar

- Omsorgsløn skal tildelast med utgangspunkt i den faktiske omsorgstygnda, og i ein stillingsbrøk eller tal på timar som finst rimeleg.
- Tilkjent hjelpetønad og anna form for reell avlastning skal kome til fråtrekk ved utmåling.
- Omsorgsløn skal berre unntaksvis tildelast omsorgsytarar for born under skulealder.
- Inntektstap er ikkje noko vilkår for å få omsorgsløn. Det vil si at kommunen ikkje skal ta stilling til omsorgsyter sin økonomi i vurderinga av omsorgsløn.
- Vedtak på omsorgsløn blir innvilga for ei tidsperiode og revurdert fortløpande.
- Mottakar av omsorgsløn (omsorgsyter) pliktar å melde frå til oppdragsgivar ved endring i pleie og omsorgsforholdet.
- Ved mellombels opphøyr i omsorgsytinga, for eksempel pga. sjukehusopphald, utover 1 veke, skal utbetalinga stoppast.

### 12.6 Løn

- Det skal utarbeidast avtale om eit bestemt arbeid av forbigåande art, som eit oppdrag mellom omsorgsyter og kommunen.
- Det skal skrivast oppdragskontrakt med vilkår for løn.
- Løn skal skje etter til ei kvar tid gjeldande tariff/ timeløn for heimehjelparar i Gol kommune (lågaste sats). Timesatsen er lik for alle som får omsorgsløn. Løn vert gitt frå søknadsdato.
- Omsorgsløn er skattepliktig inntekt og gir rett til pensjonspoeng etter Lov om folketrygd (omsorgspoeng).

### 12.7 Klage

- Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Buskerud. Eventuell klage rettast til tildelingsteamet.

## 13 Avlastning i kommunal bustad eller privat heim

### 13.1 Lovgrunnlag

Avlastning er lovpålagt med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav d, avlastningstiltak.

### 13.2 Målsetting

Omsorgsytar får avlastning slik at omsorg for den omsorgstrengande framleis kan varetakast i heimen.

### 13.3 Kven kan få tenesta

- Personar og familiar som har eit særskild tyngande omsorgsarbeid.
- Omsorgsbehovet er slik at den omsorgstrengande ikkje kan vere aleine heile eller delar av døgnet og gir avgrensa mulegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid.
- Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter og det må medføre større behov for hjelp enn det som normalt forventast til alder (gjeld spesielt barn).
- Den omsorgstrengande må vere heimebuande eller mellombels opphalde seg i kommunen.
- Den omsorgstrengande må ha eit omfattande og varig omsorgsbehov og som i hovudsak vert vareteke av privat omsorgsgivar.

### 13.4 Innhald i tenesta

- Avlastning kan gjevast i avlastningsbustad, privat bustad eller heime hos den omsorgstrengande.
- Avlastning kan vere på dagtid, kveld eller natt.
- Det vert gitt tilpassa hjelp til den omsorgstrengande etter fagleg og individuell vurdering.
- Avlastning blir vurdert opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgivar i det tyngande omsorgsarbeidet.

### 13.5 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar

- Heilskapleg behov for hjelp blir kartlagd saman med søkjar og den omsorgstrengande.
- Tidsfesta plan for avlastningen vert utarbeida.

### 13.6 Kva forventast av brukar / føresette

- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.
- Er sjølv ansvarleg for verdisaker/gjenstandar som brukar tek med seg til avlastinga.
- Gir nødvendige opplysningar om omsorgsbehovet. Eventuelt fullmakt til å hente nødvendige opplysningar slik at behov for hjelp blir ivareteke.

### 13.7 Kommunale vilkår

- Pårørande/omsorgsytar må ta imot tilbod om tekniske hjelpemidlar.
- Foreldra si omsorgsplikt overfor mindreårige barn skal reknast med før arbeidet kan bli sett på å vere omfattande og særskild tyngande.
- Den som tek i mot avlastning må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisinar og hjelpemidlar som brukast dagleg. Dersom brukaren har eigen bil (trygdebil), skal den vere tilgjengelig under avlastningsopphaldet.
- Tenesta omfattar transport til og frå avlastning.
- Tenesta har ikkje ansvar for å hjelpe til ved aktiviteter/ tiltak i regi av andre tenester (leirskule, skulekonserter ol.).
- Dersom brukar ønskjer å delta i konkrete aktivitetar må vedkomande betale for dette sjølv.

### 13.8 Praktiske opplysningar

Det er ingen eigenbetaling for avlastning.

## 14 Korttidsopphold i institusjon

### 14.1 Lovgrunnlag

Korttidsopphald i institusjon er lovpålagt med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven §§3-3-2 punkt 6, bokstav c, plass i institusjon. Korttidsopphald kan tildelast for rehabilitering, observasjon og medisinsk vurdering som ikkje krev sjukehusinnlegging, opphald kan bli forlenga til ein meiner potensialet er nådd og andre tiltak må til.

### 14.2 Målsetting

- Tenesta skal nyttast til å kartlegge tenestemottakar si evne til eigenomsorg og vurdere behov for framtidige tenester/ tenestenivå.
- Tenesta vert nytta i ei avgrensa periode for tenestemottakarar som på grunn av sjukdom / endring i funksjonsnivå treng omfattande tilsyn og hjelp.
- Brukar skal kunne fortsette å bu i egen bustad.
- Brukar skal kunne fungere på eit lågare omsorgsnivå enn institusjon.
- Behov for langtidsopphold i institusjon vert utsett.
- Brukar opprettheld og eller trener opp funksjonar.
- Førebygge langtidsopphald i institusjon.
- Medisinsk utgreiing og eller behandling.
- Rehabilitering.
- Førebygging og lindring av fysiske og psykiske symptom.

### 14.3 Kven kan få tenesta

Pasientar som for ei tidsavgrensa periode treng døgnkontinuerleg observasjon, vurdering, pleie, behandling, tilsyn og eller opptrening / rehabilitering eller omsorg ved slutten av livet. Det vil bli vurdert om nødvendig helsehjelp kan bli gitt på ein fagleg forsvarleg måte i heimen. Ved behov for observasjon og vurdering må det fyrst avklarast om behovet er av ein slik art at nødvendig helsehjelp må ytast av spesialisthelsetenesta.

Brukarar som har ein kronisk sjukdom med dødeleg utgang og har behov for eit kortare/lengre opphald i samband med:

- Observasjon og vurdering av medisinsk behandling.
- Observasjon og oppfølging av palliativ (lindrande) behandling.
- Eige ønskje om opphald i sjukeheim for sosial stimulering.
- Eige ønskje om å avslutte livet i sjukeheim.

### 14.4 Innhald i tenesta

- Brukarane får individuell observasjon, pleie, behandling, og veiledning, der målet er at dei skal greie mest muleg sjølv.
- Medisinsk behandling og pleie ved sjukdom.
- Det ytast tverrfagleg oppfølging frå bl.a. lege, fysioterapeut og ergoterapeut. Tilsynslege kan henvise til fysioterapeut og spesialisthelseteneste ved behov.
- Legge til rette for at brukar har nødvendige hjelpemidlar.
- Vurdering av tilstand og funksjonsnivå med tanke på behandling, tiltak og framtidige omsorgsbehov.
- Etterbehandling frå sjukehus.
- All pleie og omsorg vert gitt i samarbeid med autorisert helsepersonell.
- Legemiddelhandtering utførast av autorisert helsepersonell etter føreskriving av lege.
- Tilbod om å delta på sosiale aktivitetar ved institusjonen.
- Pasientar med behov for langvarig og koordinerte tenester, skal få tilbod om å få utarbeida ein individuell plan jf. Lov om pasientrettigheter § 2-5, jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-1, individuell plan.

- Fri transport til behandling hos spesialisthelsetenesta.
- Pleie og omsorg ved livets slutt.
- Tidsavgrensa opphald blir ikkje automatisk eit langtidsopphald sjølv om behovet for hjelp aukar. Forlenging av opphald skjer etter ei tverrfagleg vurdering.

#### 14.5 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar

- All tildeling av tenester blir gjort med bakgrunn i kartlegging av brukaren sine ressursar og behov, etter individuell / tverrfagleg vurdering. Målsetting med opphaldet blir laga saman med brukar.
- Det blir sendt ut skriftleg vedtak med målsetting, beskriving av tenesta og informasjon om institusjonen.
- Betaling for tenesta vil gå fram av vedtaket.
- Kontakt med andre tenesteområder vert vurdert ved behov.

#### 14.6 Kva forventast av brukar

- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.
- Tek kontakt ved behov for informasjon, råd, rettleiing og ev. ved klage.
- Den einskilde brukar utfører det han / ho meistrar sjølv.
- Tek sjølv ansvar for verdisaker som blir tatt med til institusjonen. Dette bør avgrensast.
- Sørger for at private klede er merka.
- Sørger sjølv for transport og betaling til og frå institusjonen.

#### 14.7 Praktiske opplysningar

Vederlag for opphaldet blir kravd i samsvar med "Forskrift for vederlag for opphold i institusjon", jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2.

### 15 Langtidsopphald i sjukeheim

Langtidsopphald i sjukeheim er heimla i Helse- og omsorgstjenesteloven 3-2 punkt 6, bokstav c.

#### 15.1 Målsetting

Opphaldet skal ivareta behovet for heildøgns pleie og omsorg.

#### 15.2 Kven kan få tenesta

Grundig kartlegging og vurdering må utførast for å kome fram til om langtidsopphald er riktig omsorgsnivå for den einskilde.

- Brukar som har fått alle andre alternative tenester vurdert, prøvd ut, eller det er ikkje funne hensiktsmessig å yte andre tenester.
- Brukar med somatisk helsesvikt og eller demensdiagnose som gir behov for omfattande medisinsk behandling som ikkje kan ytast i heimen.
- Brukar med omfattande døgntilgjengeleg behov for pleie og omsorg, som ikkje kan oppfyllest tilstrekkeleg i eigen heim eller annan tilpassa bustad.
- Brukar som er varig ute av stand til å vareta eiga helse og ute av stand til å meistre dagleglivet sine gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.

#### 15.3 Innhald i tenesta

Tenesta blir innvilga for ei lengre periode eller som eit opphald livet ut.

- Medisinsk behandling og pleie ved sjukdom.
- Medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehusinnlegging.
- Observasjon.

- Etterbehandling frå sjukehus.
- Brukarane får individuell pleie, behandling, tilsyn og rettleiing, der målet er at dei skal greie mest muleg sjølv.
- Vurdering av tilstand og funksjonsnivå med tanke på behandling, tiltak og framtidig omsorgsbehov.
- All pleie og omsorg vert gitt i samarbeid med autorisert helsepersonell.
- Legemiddelhandtering vert utført av autorisert helsepersonell etter føreskriving av lege.
- Tilbod om å delta på sosiale aktivitetar ved institusjonen.
- Pasientar med behov for langvarig og koordinerte tenester, skal få tilbod om å få utarbeida ein individuell plan jf. Lov om pasientrettigheter § 2-5, jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-1, individuell plan.
- Fri transport til behandling hos spesialisthelsetenesta.
- Fri tannbehandling ved offentleg tannklinikk.
- Pleie og omsorg ved livets slutt.

#### 15.4 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteyter

- Behov for hjelp blir kartlagt saman med pasienten.
- Tildeling av tenesta med bakgrunn i relevant kartlegging, etter individuell / tverrfagleg vurdering.
- Skriftleg vedtak, tenestebeskriving og ei orientering om vederlag for opphald i institusjon blir sendt ut. Vederlagsberekning vert utført av tildelingsteamet.
- Revurdert tilbod ved endring i funksjonsnivå.

#### 15.5 Kva forventast av brukar / pårørande

- Gir nødvendige opplysningar i samsvar med vederlag for opphald i institusjon.
- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket, tenestebeskriving og orientering om vederlag for opphaldet.
- Tek kontakt ved behov for informasjon, råd, rettleiing og ev. klage.
- Den einskilde pasient utfører sjølv det hun / ho meistarar.
- Forståing for at vedtaket kan endrast ved endring av funksjon.
- Er sjølv ansvarleg for verdisaker/ gjenstandar som blir tatt med til institusjon.
- Sørgjer for at klede er merka med namn.

#### 15.6 Kommunale vilkår

Alle vilkår for tildeling av pleie- og omsorgstenester av praktisk og personleg hjelp, samt opplæring i heimen, skal vere vurdert. Med dette meinast at helsetenester i heimen, praktisk bistand, korttidsopphald, dagtilbod, og eller ev. avlastning er vurdert som ikkje hensiktsmessig før langtidsopphald i institusjon vert innvilga.

Spesielt for langtidsopphald i somatisk avdeling:

- Pasienten har ein alvorleg somatisk helsesvikt som gir eit omfattande behov for medisinsk behandling, pleie og omsorg på døgnbasis.

Spesielt for langtidsopphald i skjerma eining:

- Pasienten har ein demensdiagnose som har ført til eit omfattande behov for pleie og omsorg i avdeling som er særskild tilrettelagt for demente.

#### 15.7 Praktiske opplysningar

Vederlag for opphaldet blir kravd i samsvar med "Forskrift for vederlag for opphold i institusjon", jf. Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2.



## 16 Avlastning i institusjon

### 16.1 Lovgrunnlag

Avlastning er lovpålagt med heimel i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav d, avlastningstiltak.

### 16.2 Målsetting

Omsorgsytar får avlastning slik at omsorg for den omsorgstrengande fortsatt kan vareta kast i heimen. Tilbodet skal bidra til å avlaste omsorgsytar og stimulere til vidare innsats.

### 16.3 Kven kan få tenesta

- Pårørande som har eit særskild tyngande omsorgsarbeid for kronisk sjuke og eller funksjonshemma personer. Dette gjeld personer som ikkje kan ha omsorg for seg sjølv, eller er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greie dagleglivets gjøremål.
- Omsorgsbehovet er slik at den omsorgstrengande ikkje kan vere aleine heile eller delar av døgnet og gir avgrensa mulegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid.
- Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter og det må medføre større behov for hjelp enn det som normalt forventast til alder (gjeld spesielt barn).
- Den omsorgstrengande må vere heimebuande eller mellombels opphalde seg i kommunen.
- Den omsorgstrengande må ha eit omfattande og varig omsorgsbehov, og som i hovudsak vert vareteke av privat omsorgsgivar.

### 16.4 Innhald i tenesta

- Avlasting gis på Gol helsetun.
- Avlastningen kan gis nokon timar enkelte dagar eller som ei lengre døgnbasert teneste.
- Det vert gitt tilpassa hjelp til den omsorgstrengande etter fagleg og individuell vurdering.

### 16.5 Kva kan forventast frå tildelingsteam / tenesteytar

- Heilskapleg behov for hjelp blir kartlagt saman med søkjar og den omsorgstrengande.
- Tidsfesta plan for avlastningen vert utarbeida.

### 16.6 Kva forventast av brukar / føresette

- Gir nødvendige opplysningar om omsorgsbehovet. Eventuelt fullmakt til å hente inn nødvendige opplysningar slik at behov for hjelp blir vareteke.
- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.

### 16.7 Kommunale vilkår

- Pårørande/omsorgsytar må ta imot tilbod om tekniske hjelpemidlar.
- Den som tek i mot avlasting må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisinar og hjelpemidlar som brukast dagleg.
- Tenestetilbodet kan innebere avlastning i dobbeltrom.
- Alt privat tøy skal vere merka.
- Brukar er sjølv ansvarleg for verdisaker/gjenstandar som er tatt med på avlastinga.

## 16.8 Praktiske opplysningar

Det er ingen eigenbetaling for avlasting.

## 17 Kommunal garanti for VTA- plass på VINN AS Hallingdal

### 17.1 Lovgrunnlag

Kommunal garanti for VTA- plass på VINN AS Hallingdal er ein del av det kommunale omsorgstilbodet.

### 17.2 Målsetting

Varig tilrettelagt arbeid kan bli tilbydd personar som har behov for arbeid i ei skjerma verksemd med arbeidsoppgåver tilpassa den enkelte si yteevne.

- Oppleve ein strukturert og meningsfull kvardag.
- Vareta behovet for sosial deltaking.
- Auka mulegheit for integrering i nærmiljøet.

### 17.3 Kven kan få kommunal garanti

- Brukarar med psykisk utviklingshemming eller psykisk lidning som har behov for kommunale helse- og omsorgstenester på dagtid blir prioritert ved opptak.
- Andre med store behov for oppfølging og kontakt med tenesteapparatet på dagtid.

### 17.4 Kriterium for tildeling

- Det må ligge føre søknad om kommunal garanti frå brukar.
- Det må ligge føre vedtak frå NAV om innvilga VTA-plass.
- Brukar må opphalde seg i kommunen.
- Manglande aktivitet på dagtid utløyser behov for oppfølging og helse- og omsorgstenester frå kommunen, og dermed overforbruk av personalressursar.

### 17.5 Kommunale vilkår

- Kommunal garanti blir innvilga berre viss det er avsett midlar til det innafor budsjettåret.
- Det vil bli gitt avslag på tenesta viss helse- og omsorgstenesta ikkje har midlar til dette innafor budsjettåret.

### 17.6 Vedtak og klage

- Vedtak om innvilga eller avslag på søknad om kommunal garanti blir meldt skriftleg til søkjaren.
- Avslag kan klagast på jf. Forvaltningslova § 28. Klaga vil bli behandla i kommunal klagenemnd. Vedtaket i kommunal klagenemnd er endeleg og kan ikkje klagast på vidare.